



# Åreblad



NR 1 2011 – INFORMASJON FRA HORDALAND FYLKESKYSTLAG – 18. ÅRGANG



Fra Keipane kystlags store preste-rotur. Les mer på s.8

---

|                                       |   |                                   |    |
|---------------------------------------|---|-----------------------------------|----|
| Leder                                 | 2 | Å ro; med viltre sjetteklassinger | 10 |
| Fyrvokterens naust ved Skjelanger fyr | 3 | Hordaland Kystled                 | 12 |
| Eg byggjer meg ein båt – i Amerika    | 4 | «Vinden Drar»                     | 13 |
| Mjelkeskøyto sjøsett                  | 6 | ”Ternen” - ein stasbåt.           | 14 |
| Den store Preste-roturen              | 8 | Tysnes Rundt                      | 15 |
| Båtbyggjaren svarer                   | 9 | Aktivitetsskalender               | 15 |

## Eldrebolga i kystlaga kan verte ei styrke i kystlagsarbeidet!

Me er snart halvvegs i kystlagsåret 2011 allereie. Våren er ei travel tid rundt om i lokallaga. Med omtrent same hektiske tempo som skjora, ærfuglen og måsen som skal byggja reir og alt det der i ein kort og lys vårsesong. Årsmøta er ikkje for vel over i lokallaga før det kjem ein kort og hektisk periode der båtar skal vølast, tjørebriast og sjøsettast. Arrangement, små og store, skal forberedast.

Fylkeskystlaget avheldt årsmøtet i februar hjå Sveio kystlag. Det var omlag 30 personar frå 10 ulike kystlag som var tilstades på basen til Sveio kystlag; Kystentunet på Eikeland. Kystentunet er ein nedlagt barneskule som lokallaget har hatt i bruk i mange år. Sveio kystlag er det nest største laget i Hordaland, og her er mykje som skjer, alt frå kursvirksomhet som er stor, likeså byggeprosjekt og museumsvirksomhet og mykje anna. Takk for den gode gjestfriheten til alle i Sveio kystlag som me var så heldige å få trefa i fbm årsmøtet til HFKL i Sveio!

Det at lokallaga kan samlast og vitja kvarandre er sers givande. Mykje god kunnskap og erfaringar er samla i lokallaga og når me deler på denne med kvarandre har alle så mykje igjen for det. Det styrkjer kystlagsarbeidet i Hordaland både i lokallaga og på fylkesnivå. Ein kan oppdage at utfordringar som eit lokallag kan sjå på som eit hinder slett ikkje er noko uvanleg

fenomen og at andre lag kan allerede ha funne ei god løsing som kan overførast til andre lag. Kunnskapsoverføring og langvarige venskap lokallaga mellom her i Hordaland er noko som me kan vera stolte av alle i hop!

Forrige helg var kystlaga i Hordaland igjen samla. Denne gongen i Vestre Vinnesvågen i Austevoll, hjå Austevoll kyst- og sogelag. Bakgrunnen var ei bekymringsmelding som kom fram på årsmøtet i HFKL i Sveio og som gjaldt rekruttering av nye medlemmer til lokallaga. At dette er eit tema som opptar mange viste den store delta-kinga i Austevoll. Omlag 35 personar møtte fram denne laurdagen. Alt frå heilt nye medlemmer til medlemmer som har vore med i over 20 år, frå fiskebåtreiar til trebåtbyggerar. Det kom fram veldig mange gode idèar og innspel. Me håpar å få med eit samandrag i neste Åreblad.

Dei som har vore med ei stund i kystlaga er sjølvsagt bekymra over "eldrebølga" i lokallaga, og har eit ynskje om at det skal koma nye og yngre medlemmer til. Det var tal frå ei kystlagsundersøking som viste at alderssamansetninga i kystlaga vert stadig eldre. Skal me sjå nærare på dette så er jo ikkje dette eit fenomen som er spesielt for kystlaga, men gjeld befolkninga generelt. "Eldrebølga" skal me sjå på som ein ressurs, ikkje ei belastning. Dei "eldre" i dag pensjonerer seg tidleg, allereie

når dei er rundt 60 år. Dei har det travelt, dei reiser kanhende mykje på feriar, er stort sett spreke mosjonistar og har mange andre aktivitetar og me ynskjer dei sers velkomen i kystlaga.

Mange av dei godt vaksne som er med i kystlaga i dag er der fordi dei har gode minner frå barndomen. Frå det å vera ved sjøen og i trebåtar før tidsrekninga med "hjelm og redningsvestar". Har foreldre som har vore med på dei store fiskeria eller andre minner. Dei har levd i "kystkulturen" - kanhende dei er sjølve kystkulturen? Dei har med seg mykje gratis kystkulturlærdom frå barndomen - vår identitet som eit kystfolk som nyare generasjonar no kanhende må leite etter for å finne.

Nettopp difor treng me no meir enn nokonsinne ei aktiv "eldrebølge" i kystlaga som kan invitere barnefamiliar og yngre med til kystlaget og gje dei nye og gode minner i trebåtar, på bryggjene og i fjøra. Skal vår identitet som kystfolk leve vidare må den få næring og handlingsboren kunnskapsoverføring til det enkle kystlivet ved sjøen. Det er dette no den spreke "eldrebølga" må hjelpe oss med - me treng dykk alle!

Med ynskje om ein god kystlagssumar til alle små og store!

Helsing Ingunn Vardøy  
Leiar

### Velkomen til Hordakyststemne i Sagvåg 17 – 19. Juni

Stemnet har offisiell opning laurdag formiddag ved ordførar Kari Eikeland. På programmet elles står alt frå omvising på det historiske båtbyggerverftet Verven på Jensaneset, film frå båtbyggerkurs i Sagvågen der 18 oselvarar vart bygde i løpet av 3 båtbyggarkurs, avduking av skulptur i havna ved havensjefen.

Kappsegling, tautrekking og aktivitetar for store og små. Sang og musikk. Fredagen vert det velkomstsuppe i Krambua der det også vert mogeleg å få kjøpt frukost kvar dag. I tradisjonell stil vert det gudstjeneste om søndagen.

Det første Hordakyststemnet i Sagvågen var i 1996 med mykje gode kystfolk og stor stemning, det er 15 år sidan og Sagvågen ligg der fortsatt.

# Holsnøy Kystlag i dialog om avtale med Forsvaret om fyrvokterens naust ved Skjelanger fyr.

Holsnøy Kystlag ble stiftet i 2006 og har siden den gang jobbet for å få sitt eget sjøhus og det kan forhåpentlig snart bli en realitet! I tilfelle blir det ikke hvilket som helst sjøhus, men en perle fra 1850 årene som trolig snart kan bli verneverdig. Vi sier ikke mer i denne omgang før avtalen er i boks. Viser ellers til bildet av naustet og litt spennende historie fra det aktuelle området.

## *Skjelanger fyr*

Skjelanger fyr vart oppretta i 1853 som leiefyr i samband med at Hellisøy fyr vart bygd som kystfyr. Fyrstasjonen var bemanna med ein fyrvaktar og ein assistent. Fyrvaktaren budde på fyrstasjonen, medan ein av dei lokale bøndene eller husmennene hadde jobben som assistent. Fyrstasjonen var i drift som bemanna fyr

fram til 1961, då han vart erstatta av ei fyrlykt.

## *Losstasjon*

Alt tidleg på 1700-talet var det stasjonert los på Skjelanger. Frå tidleg på 1800-talet held ein losoldermann til på Skjelanger, og frå 1872 ein losformann. Fleire av bøndene på garden har fram gjennom tidene fungert som losar ved sida av gardsbruket.

## *Skipsforlis*

Det har vore fleire skipsforlis i farvatna rundt Skjelanger. Det mest kjende er "de Zee Ploeg", eit nederlandsk seglskip som i august 1817 var på veg frå Amsterdam til Amerika med over 500 tyske emigrantar. Skipet kom ut for storm i Nordsjøen, og søkte naudhamn ved Skjelanger 25.september. Då var alt mange av passasjerane daude,

og styresmaktene i Bergen måtte ta seg av dei overlevande. Ein del av dei slo seg ned i Bergen og vart opphav til fleire kjende Bergens-slekter, mellom anna Rieber-familien.

Den 20.januar 1912 stranda "Eline" av Kristiansund ved Skjelanger fyr og vart vrak. Av eit mannskap på 15 vart berre 4 berga.

Vinteren 1921-22 fekk lastebåten "Canis" lekkasje ved Klokarneset og måtte gå inn på fjøra på Ringholmen (holmen med fyrlykta rett utanfor kaien). Båten sokk, men mannskapet vart berga. Skipet var lasta med sement i tunner, og enno finst det restar av storkna sement med tunnefasong på Ringholmen.

For Holsnøy Kystlag,  
Jegvan Kaarbø





# Eg byggjer meg ein båt – i Amerika

**Tysdag 22. juni 2010 starta ein liten færing frå Tysnes på ein langtur – heilt til Connecticut i Amerika. Der tok den del i den årlege trebåtfestivalen.**

Det har fare færingar og storebåtar vestover i tidlegare tider òg, men det er lenge sidan no at flatpakka hjelta-båtar var vanleg eksportvare frå Tysnes. Og heilt til Amerika kom dei nok ikkje korkje då eller sidan.

Men no skulle altså amerikanarane få studera ein ekte vestlandsfæring – ja til og med få byggja den.

Det er Sunnhordland Museum med oppdrag av Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS) som har teke fatt i båtbyggjartradisjonen i Sunnhordland. Muséet har utarbeidd eit opplegg dei har turnert Sunnhordland rundt med. Der får 12-13-åringar frå lokale skular ei engasjerande forteljing om kor viktig båtbygging har vore for Sunnhordland opp gjennom tidene.

## *”Eg byggjer meg ein båt”*

Opplegget inkluderer teater, song, forteljing – og bygging av båt. Her får elevane spikka og pussa, navra og klinka, og så altså setja saman ein færing. Under arbeidets gang lærer dei om børebord og ripebord, om renger og betar – og om mange andre namn og nemningar som høyrer båten til. Rett nok kjem ikkje denne færingen i saltvatn. Den er i halv målestokk og vert montert og demontert tre gonger i løpet av eit besøk.



Amerikafararen klar til avreise. (Foto: Olav Skjellevik)

Men med seg heim får elevane ein nøkkelhaldar dei sjølve har klinka med ekte koparsaum.

## *På langturar før*

For nokre år sidan var Sunnhordland Museum til Brest i Frankrike med framsyninga si på ein festival der. Der vart dei oppdaga av nokre skottar som inviterte dei til Portsoy i Skottland der dei sjølve dreiv eit ungdomsarbeid basert på færingbygging. Her var det så at det amerikanske

trebåtmagasinet ”Wooden Boat” inviterte dei til Mystic Seaport i nærleiken av Newport. Newport var i si tid utseglingssstaden for regattaen ”Amerirca’s Cup” der mange tysnesingar tok del som mannskap – nokre òg som regattakapteinar.

I Mystic Seaport ligg det nasjonale maritime muséet, og gruppa frå Sunnhordland fekk utveksla så vel fagkunnskap som formidlingsmetodikk med dei tilsette ved muséet. Med



Bjørn Arve Lunde og Johanne Øvstebø Tvedten frå Sunnhordland Museum i aksjon i naustet. (Foto: Olav Skjellevik)

seg hadde dei òg eit biletspel med engelsk tekst og tale om færingbygging laga av stordkarane Tor Resser og Gunnar Bjørk saman md Sunnhordland Museum.

### *Båtbyggjaren*

Færingen – eit smykke i seg sjølv – er laga av Egil Meland på Tysnes, heime i verkstaden i Skorpo. Den var flunkande ny til Amerika-turen. Den han hadde laga for musèet tidlegare for denne reiseaktiviteten deira, den var rett og slett utsliten og måtte pensjonerast. Då hadde nokre tusen unge båtbyggjarar kringo i Sunnhordland ”bygt” han i fleire år.

Egil Meland har alle dagar vore båtinteressert, og då Tysnes kystlag våren 1996 arrangerte båtbyggjarkurs ved Sletteskogsjødn i Flakkavåg, var Egil ein av dei ivrige der. Etter første kurset stod åtte nybygde færingar klare til sjøsetjing. Desse vart så høgtideleg døypt 12. juli 1996 på Årbakka like før starten på ”Tysnes Rundt i Robåt”.

Men under skørebjelken i Skorpo har elles litt av kvart vokse fram – ein heil del vanlege færingar, eit par seksæringar og ein staseleg tiæring (fem årepar) som ved sjøsetjinga fekk namnet



Egil Meland i Kalvaviknaustet. Til venstre sit Jan Einar Espedalen, lærar på Reksteren skule. (Foto: Olav Skjellevik)



”Eg byggjer meg ein båt” i det gamle båtnaustet i Kalvavikjo. (Foto: Olav Skjellevik)

”Skorpevåg”. Tiæringen er ein såkalla Kvitsøybåt – ein båttype som det no berre finnest eit par att av i heile landet. Verksemda på Kvitsøy, som båttypen har namn etter, slutta av allereie kring 1900.

Ei Colin Archer-skøyte har han bygt òg. Den ber namnet ”Skorpenes”. I tillegg har det blitt ein del reperasjonar av båtar for andre.

Heile prosessen frå felling av furu til skjering og høvling gjer Egil sjølv. Til trebøringar må det breie bord, men det meste leitar han opp i eigen skog. Så hender det at andre skogskarar kjem til han med eitkvart dei har funne i sin skog. Det kan vera eit rotstykke til betar og betleistar – eller kanskje noko til ei rong.

### *I naustet i Kalvavikjo*

På Tysnes har prosjektet ”Eg byggjer meg ein båt” hatt stasjon i det gamle båtnaustet i Kalvavikjo ute i Skjelleviksundet. I naustet der har det vore bygd færingar,

seksæringar og storebåtar i fleire generasjonar – frå 1850-åra til om lag 1980 då den siste færingen vart sjøsett der. Det heimelaga verktøyet er teke vare på og vert lagt fram i naustet ved slike anledningar. På veggen heng framleis malar til båtabord og stevne, og den gamle kjøllrenna og stevnebukkane er framleis i naustet.

Her i Kalvavik-naustet vil så truleg amerikafararen bli sett saman av nye unge båtbyggjarar, og i stranda utanfor kan det først prov på at nøkkelhaldaren flyt om den hamnar i sjøen.

Og leitar ein litt under tang og tare i stranda finn ein nokre eikeemne til bløt. Dei skulle bli stevne til endå ein båt – men den siste båtbyggjaren der rakk ikkje å gjera nytte av dei.

Olav Skjellevik

# Mjelkeskøyto sjøsett etter mange års restaurering

Etter mange års omfattende restaurering hos Skips-tømmermannen Bakke vart Mjelkeskøyto eller Fjelbergskøyto sjøsett på Jensaneset i Sagvåg.

Så godt som alt trevirke i fartøyet er skifta i prosessen. Dette inkluderer også styrehus og rigg. Skøyto framstår nå like flott som då ho var ny.

Fartøyet vart bygd i 1933 ved Høllen Skibsværft ved Kristiansand for tre losar på

Søndre Egerøy ved Egersund. Denne hadde namnet Egerøy II. Og vart overtatt av Losvesnet alt i 1935. Nåverande rigging fekk den ved ei ombygging i 1949. Losvesnet selde skøyto til Sunnhodland i 1958 og i 1960 vart den sett inn i mjølkeruta mellom Fjelberg og Leirvik på Stord. Eigiar var Johannes Miljeteig. I den ruta gjekk den i all slags vær over Stordafjorden fram til fram til 1972 då mjelke-

transporten vart overført til bil. Seinare gjekk skøyto i periodar i rute for HSD i Åkrafjorden, i sjuke-transport, i kyrkjeskys og annan skysstransport mellom øyane.

Nåverande eigar Ivar Miljeteig overtok skøyto i 2005. Den hadde då lege i opplag i 10 år og var i svært dårleg stand. Det vart søkt Riksantikvaren, Kulturminnefondet og Hordaland Fylke om stønad til restaurering utan resultat. For å berga dette eineståande fartøyet vart det difor bestemt å gjere restaureringa for eiga rekning.

Kjell Bakke tok på seg oppdraget i 2007 og han har utført eit flott restaureringsarbeid kor det er lagt vekt på å gjenskape fartøyet som det ein gang var då det forlot Høllen Skibsværft i 1933.

Opprinneleg var skøyto utstyrt med ein Rapp motor på 29 hk som gav ein marsjfart på 8,6 knopp. Sidan 1972 har skøyto hatt ein Volvo Penta dieselmotor på 150 hk. Denne vert nå skifta ut med ein ny Mercedes dieselmotor på 250 hk.

Skøyto som vart døypt M/S LOS ved sjøsettinga vil bli synt fram ved Før og Nå festivalen på Leirvik 24-26 juni.



Lossing på Vikjo



## “Mjelkeskøyto”



*Namn:* M/S Los (Ex. L/S Egerøy II)

*Kjenningsbokstavar:* LCWB

*Byggeår:* 1933

*Byggestad:* Høllen Skibsverft, Høllen per. Kristiansand

*Lengde/Bredde/Dybde:* 41,50'/15,25'/6,25'

*Tonnasje:* 18,13 register tonn

### *Motor*

1933-1972: 29 hk Rapp

1972-2009: 150 hk Volvo Penta MD96B

2011- : 250 hk Mercedes Benz MB190D

### *Tidlegare eigarar:*

1933-1935: Losar på Egerøy. Amund Larsen, Bernhard Rostebød,  
(Amund Hansen)

1935?-1958: Losvesenet

1958-1960: Ole Sjø/Gjert Sjø

1960-2005: Johannes Miljeteig, Fjelberg

2005- : Ivar Miljeteig, Fjelberg/Stavanger

### *Teneste:*

1933-1958: Losbåt på Nordre Egerøy, Egesund

1958-1960: Fritidsbåt på Halsnøy

1960-1972: Mjelketransport mellom Fjelberg og Leirvik

1972-1996: Ulike skyssoppdrag ss. kyrkjeskysse på Fjelberg, legeskysse  
og rutetrafikk i Åkrafjorden for HSD

### *Restaurering 2007-2011*

Skipstømmermannen Bakke, Stord (www.stmb.no)

Ferdigstilling til Sagvågdagane 2011

Sjøsetting på  
Ottesen  
Skipsbyggeri as,  
Jensanes i  
Sagvåg.

Laurdag den 14 mai var det stor dag på Ottesen Skipsbyggeri as, det var sjøsetting på gamle måten med ny dåp og musikk av Sagvåg musikklag for skøyta LOS. Mykje folk var møtt fram over 100 i talet

På den restaurerte verven er Skipstømraren / meister Kjell Bakke med sine menn og ei kvinne etablert. Sagvågen Kystlag har også sin avdeling for båt-reperasjonar og maritime kurs her på verven med full aktivitet med omvinsingar med skuleklassar og andre arrangement.

*Dessutan skal Sagvågen Kystlag vera vert for Hordakyststevnet inne i Sagvågen den 17.juni i år.*

*Me ber alle kystlaga velkommen til stevnet i Sagvåg den 17.juni. Då har me aktiviteter og viser rundt på heile verven.*

Helsing Terje Lamo  
Leiar i Sagvågen Kystlag

# Den store Preste-roturen frå Manger til Sæbøvågen 1.mai 2011

Me i Keipan kystlag har lenge ynskt å få høve til å ro Presten frå Manger til Sæbøvågen, på det viset ein gjorde i gode gamle dagar. Sidan Streif-arrangementet fall på ein sundag og det attpåtil skulle være preik i Sæbøkyrkja kunne det ikkje ha passa betre. Til alt hell var det vår særst sportlege prest Kjell Sekkingstad som skulle halde preika, og han tok utfordringa på strak arm.



Båten me brukte var ho "Annatofto" fra ca 1860. Historia om denne båten har tidlegare vore trykt i Årebladet.

Ferda starta kl 07.00 frå Mangerskaiaen. Roarar var Arve Alver, Anne-Margrethe Rødsand og Evy Bjørvik Dame. Som ei ekstra sikring hadde me med følgjebåt. Der var det Oddbjørn og Martin Tveiten som stod til rors.

Ferda starta med havblikk; me hadde ikkje så mye som eit vindpust før me nådde Bognestraumen. Presten hadde fått klår melding om at han fekk ta ansvaret for veret. Han må verkeleg ha vore på godfot med Dei høgare makter, for det gjekk medstraums gjennom heile Bognestraumen.

Då me nærma oss Boga ville roar Arve freista fiskelukka. Han bytte då plass med presten og heiv ut dorga, men var så uheldig at snøret slitna. Deretter fekk han for seg at båten måtte ausast og sette i gong. Men guten var kanskje

litt vel ivrig med å få ut vatnet, for han slo ut nygla i same slengen! Sjøsprøyten stod inn båten. Ha fekk klår melding om at han fekk sjå til å stikka fingeren ned i holet der nygla hadde stått til me kom i land! Heldigvis for han hadde ikkje nygla fore overbord, for han fann henne att etter ei stund. Fingen hadde nok blitt temmeleg blåfrosen med ein sjøtemperatur på omlag 7 grader.

Neste uhell var at ein keip som knakk av. Gudskjelov var det eit par snartenkte, dugande kvinnfolk om bord, og attpåtil med tollekniv i kyrkjekleda. Dei slo kniven ned i ripa slik at kan kunne fungere som keip.

Ei ulukke kjem som kjent sjeldan åleine; Anne-Margrethe hadde slite heile vegen med eit årepar som var vanskeleg å handtere. Det viste seg etterkvart at årelappane var feilmonterte.

Men me kom no fram til Sæbøvågen ein heil time tidlegare enn planlagt, så me rodde inn til den fine husmannsplassen i Kvalvika der me gjekk i land og åt ein god frukost innan me tok siste etappen inn sjølve vågen.

Presten hadde også måtta teke eit tak med årene han med, så han var både sveitt og forblåst og sette pris på en god pause. Han hadde tenkt å nytta roturen til å førebu preika. Han fann likevel heller raskt ut at me ikkje gav nett rette inspirasjonen med ramsalt språk tilhøyrande hardbarka slogstrilar med sjøsprøyt i både hår og kyrkjestas, så han fann det tryggast å ta om att preika frå i fjor. Det er jo ingen som hugsar noko frå den uansett...


Det har vore oss fortalt at roturen fra Manger til Sæbø skulle ta 2 timar. Me var ikkje noko dårlegare enn det! I Kvalvika kledde me oss om innan me skulle ro siste



stykket inn Sæbøvågen til den gamle Prestebrygga.

Presten hadde ei meining om at ein frå gamalt av skulle bera han i land. Men med Evy med vond rygg, Anne med ein vond arm og Arve med vondt i nakke og skuldre, så meinte ein at presten fekk no vera kar om å koma seg i land på eiga hand.

Inne på kaien stod ein staseleg hestekyss klar og venta på ein likeså staseleg prest. Ole Johan Ingebrigtsen fekk æra av å frakta han vidare opp til kyrkja.



Det er med stor ærefrykt og stolthet at me har fått høve til å nytte denne flotte gamle båten vår, Annatofto, til prestefrakt frå Manger til Sæbø sokn. Ho har sikkert mange artige historiar løynd mellom toftene.

Dette blei for oss i Keipane kystlag ein minnerik dag til å hugse i lange tider.

Med dei beste helsingar for  
sommaren frå oss i Keipane  
kystlag,  
ved Evy Bjørvik Dame.  
Oversatt til nynorsk  
av Hans-Atle Svennheim.

## Ny spalte i Åreblad: Båtbyggjaren svarer.

**Båtbyggjar Hallgeir  
Forstrønen Bjørnevik gjev  
råd og vink om korleis halde  
trebåten i topp stand. Han  
har lang erfaring med  
restauring og nybyggjing  
av trebåter med spesiell  
kunnskap rundt Oselvaren.**

**Han vil i denne spalta svare  
på spørsmål frå lesarane til  
Årebladet, og ber lesarane  
sende sine spørsmål til  
[bjoernevikbaat@live.no](mailto:bjoernevikbaat@live.no)**



Det er mange måter å vedlikehalde trebåten på, alt etter stand og tidlegare behandling. Tre er eit svært levande materiale og og må behandlast der etter.

I tidlegare tider var tjøre det mest vanlege å bruke, og det

var ein grei jobb å smørje båten om våren. Ut i sola før vårhesa kom, og smør på to, tre lag. Tjøre har ein god emne til å bevare treverket og tjøre treng sol og vind for å tørke. Perfekt til den litt grove arbeidsfæringen som skal brukast til fiske og fangst.

I moderne tid har olje og oljelakk/ lakk overtatt for den mørke tjøre, og dette stiller andre krav til for- og etterarbeid. Ein brukar olje og lakk for at båten skal få ein lysare utsjånad, noko som kjem av at båtane blei meir brukt til lystbåtar og fekk ein annan status.

Det spanande i dette er at sjølv om båten etter kvart fekk ein annan glans, var båten som båtbyggjaren leverte, den same som tidlegare. Det var kunden som bestemte.

For Oselvaren sin del skjer nok dette tidlegare enn for andre båtar, då Oselvaren tidleg blei brukt som konkurranse -seglar, og difor fekk spesielle krav til utvendig glatt overflate



# Å ro; med viltre sjetteklassinger

## Velkomsten

Hver vår inviterer Hardanger fartøyvernssenter (HFS) sjetteklassene i distriktet til roundervisning i forbindelse med den kulturelle skolesekken.

De rauser inn på området vårt, men vi slipper dem ikke i båtene med en gang.

De ledes inn i filmsalen først. Vi starter med en presentasjon og litt om ungenes forventninger til dagen. Ganske kjapt går vi videre på å snakke om motivasjonen for at vi inviterer skolene. Sikker ferdsel til sjøs er grunnfjellet. Å videreføre en kulturarv som har tusen år lange røtter i regionen går hånd i hånd med sikker ferdsel.

## Snurr film

Vi viser noen utvalgte minutter fra det romantiske dramaet "Brudeferd i Hardanger" som ble tatt opp

på 30 tallet. Vi følger brudeferden til den svikeyfulle Anders fra vestsida av Sørfjorden og over til Lofthus. En hel flotilje av åttæring, tiæring og seksæring fossror over fjorden. Baugsjøene er imponerende store og flotte. Det er forresten karene som ror også, flotte altså. Siden dette er en stumfilm så får jeg anledning til å snakke meg varm om roing som norrøn pilates. Her er det rytme, bruk av hele kroppen og pust. Ungene får studere hvordan karene legger seg bakover med strake armer og hvordan de hviler mellom hvert åretak.

Når brudeferden har krysset fjorden sjalter vi over til å se bildespillet "Då sjøen var vegen" som viser utviklingen av samferdsla fra kjøll til hjul. Så bærer det ut i frisk luft. Vi nærmer oss båtene, men først en liten teoridel på land.

## Sykkel, vår tids robåt

Etter filmvisning har jeg ungene med for å se på byggingen av båter. I vår er det bygging av to sognefæringar til Indre Sogn kystlag som står i fokus i småbåtverkstedet. Ungene har fått se på hogging av halser og ser på forskjeller mellom båter fra hardanger og Sogn. Jeg bruker metaforen sykkel mye. Robåt var for tidligere generasjoner det sykkel er for ungene i dag. Et eksempel er at akkurat som det er viktig med luft i dekket for å få god kontakt med underlaget er det viktig at båten sklir godt gjennom vannet. Kontakt med underlaget er stikkordet. Jeg opplever at ungene skjønner poenget med å ikke kalle tofta for benken når jeg sammenligner med sykkeluttrykk. De ville reagert som jeg hadde kalt sykkelsete for benk. De viktigste





uttrykkene går vi gjennom når vi ser på båtene som ligger for salg på kaia på HFS.

#### *Redningsvester*

Et av de pedagogiske knepene er at de skal ha med svømmevest hjemmenifra. Det er ikke få unger som kommer og sier at deres vest var blitt for liten. Vi har fått til en gjennomgang av hva som finnes av redningsvester i hjemmet. Det ligger en bevisstgjøring i det og det er poenget. Selvsagt har vi vester her til utlån. Så bærer det endelig om bord.

#### *Roingen*

Mens elevene står på kaien repeterer jeg litt av det vi så på film. Rytmen og presiseringen av hvor viktig hvileskjæret er for å komme langt. Så kommer de fint en og en om bord og setter seg. Vi skyver i fra og er i gang. En og en åre forenifra og akterover kommer på plass. Er vi mange elever er vi flere båter, og vi er alltid en voksen pr båt. Den voksne er kokks bak i rongi. Så til å begynne med får ikke roeren akterut på styrbord lov til å angi takten. Det blir først ett åretak, veldig lang pause så



alle kommer i posisjon også et åretak igjen. Etter hvert blir pausen mellom åretakene kortere og kortere og vi får en rytme i roingen. Til slutt flyter det av seg selv. Det er forbausende hvor fort de knekker koden. Det kjekkeste synes jeg er når jeg ser at de blir ivrige. Vi ror langs land. De oppfanger at dette går jo litt fort og tar i. Det går i noen åretak og så baller det seg litt til for dem. De sanset at de fikk det til, de følte at de rodde som et team. Mestringsfølelsen lyser i øynene. Da kan jeg slippe de på land. Neste gang de er i en robåt tror jeg de er mer motivert til å lære om tofter, tiljer og kjeip. Heldig den far eller mor som får ro med disse ungene tenker jeg etterpå. Det er deilig å få være med å oppleve ungers mestringsglede og ekstra kjekt når det er mestring knyttet til vår maritime kunnskapsarv. Jeg tror de kommer til å melde seg som frivillige til å ro en båt over neste gang den sjansen byr seg.



HARDANGER  
FARTØYVERNSENTER

## Om det å ro...

Det her e et dikt om kunsten  
å ro  
og gyngje på bølge og båra  
Det e som å elske, va´ naken  
og to,  
men husk; Du har tynnhøvla  
åra!  
Førr bryte du på; tar i som en  
kar  
og trur det e du som regjære!  
Kan fort ei åra så smekker og  
vår,  
bli bålved i nærmeste fjære.  
Når færingen først har funne  
si fart  
og danse så løsti` på båran.  
Så kan du gje på, gje alt du  
har spart  
Da kjenne du pulsen i åran.  
La havet vær hud og åra di  
hand,  
stryk vart over bølge og  
dønning.  
Ro som du elske, og elsk  
mens du kan  
Og åran vil gi si belønning.

Ulf Mikalsen



# “Hordaland Kystled“- Åreskiftstasjonar i kystlaga

**Leitar du etter ein miljøvenleg og alternativ sommarferieaktivitet? Kva med å besøke kystlag som har tilbod om overnatting og leige av robåt? Ytterlegare fleire kystlag syslar med tankar om å etablere åreskiftstasjon med overnatting og båttutleige, me vil informere om desse etterkvart som dei vert realisert. I friluftsråda sine områder fins det også mange muligheter både med kaier, ba-deplassar og hus til utleige.**

**Me vil gjerne få anbefale dette å reise på oppdagelse i våre egne Vestlandsfylker, her er mange flotte perler å utforske. Og å feriere ein dag eller to eller mange ved sjøen og kysten gjer godt for kropp og sjel.**

**Ynskjer alle ein riktig god ro-sommar og “Ta di åre fatt”! ☺**

Helsing Ingunn Vardøy  
kontaktperson for Hordaland  
Kystled

## **Aktuelle kystferie-nettstader:**

Landsoversikt kystleder:

[www.kystled.no](http://www.kystled.no)

Turar i Nordsjøløypa:

[www.nordsjoloypa.ivist.no](http://www.nordsjoloypa.ivist.no)

Friluftsrådet Vest:

[www.nrshf.no](http://www.nrshf.no) (sjå den fine

filmen frå Romsa)

Bergen & Omland Friluftsråd:

[www.bof.no](http://www.bof.no)

Destinasjon Sotra & Øy-

garden (ny web-side):

[www.kysteventyret.no](http://www.kysteventyret.no)

## **Generell informasjon om Kystleden:**

Frå [www.kysten.no](http://www.kysten.no): ”Ideen er hentet fra tidligere tiders ”åreskifte”. Før var det ingen som

reiste bare for fornøynsens skyld, de hadde et ærend å utføre. Og foregikk reisen over lengre strekninger måtte den reisende skifte både rorkar og båt. Ved åreskiftene lå det gjerne et gjestgiveri hvor de reisende kunne hvile ut eller vente på god bær.

Kystleden gir deg muligheten til å oppleve skjærgården på en miljøvennlig måte - med robåt og enkel overnatting.

Kystleden er åpen for allmennheten. Alle kan ferdes langs kystledene etter reglene i Friluftsløven. Ferdsel skjer på eget ansvar. Overnattingen er rimelig og må normalt forhåndsbestilles.

Arbeidet med kystleder er et samarbeidsprosjekt mellom Den Norske Turistforening, Forbundet KYSTEN og Friluftsrådene Landsforbund. De tre organisasjonene har etablert en arbeidsgruppe som arbeider for å fremme og koordinere kystledarbeidet.”

## **Krambua i Sagvågen, Stord**

Ei triveleg lita restaurert krambu på kaien i den lune hamna i Sagvågen. Krambua var oppført i 1908. Kjøkken og møtelokaler, samt dusj og toalett i første etasje. Soverom i andre etasje. Gjestebåtplass for medlemmer i Forbundet Kysten.

Overnatting kr. 100,-pp/ per natt

Kontakt: Sagvågen kystlag v/Målfrid Almås

Tlf 53494470 / 970 81 269

## **Mølno i Vestre**

### **Vinnesvågen, Austevoll**

Ei restaurert mølle med enkel overnattingsstandard. Køy-

senger. Sandstrand og teltplass ved sida av mølla. Båtplass til mindre båtar. Kalsundholmane Friluftsområde med badeplass og båthavn i nærområdet. Turløyper rundt Vinnesvatn og til Vetten. Nordsjøløype på Stolmen og Selbjørn.

Kontakt: Austevoll Kyst- og sogelag v/Svein Midtøy

Tlf. 950 86 856

## **Kystentunet på Eikeland, Sveio**

Tidlegare barneskule bygd i 1915, som kystlaget har restaurert. Skulen ligg like ved Auklandshamn. Overnatting på sofaer i stover i andre etasje. Kjøkken og toalett tilgjengelig. Kystlaget har laga kystkulturmuseum i kjellaren, og ellers motormuseum og båthallar i ander bygningar på skuleplassen.

Det er omlag 20 km til Ryvarden Fyr frå Kystentunet.

Mulighet for å leige robåt.

Overnatting kr. 100,- pp/pr natt.

Kontakt: Sveio kystlag v/Terje Lier. Tlf. 908 37 477

## **Solstråleøya Åreskifte, Tysnes**

På Solstråleøya som ligger i østre enden av Godøysundet på nordsiden av Tysnes, har Tysnes Kystlag etablert en Åreskiftestasjon. I det gamle naustet som i sin tid ble bygget av Kronprins Olav, har kystlaget innredet oppholds og overnattings-plass. Det er enkle forhold og madrass/ligge-underlag må medtas. Naustet er åpent og der er utedo like utenfor som er oppsatt av Friluftsrådet. Solstråleøya er et friluftsområde; en vakker øy med en spesiell

historie og svært populært turmål for båtfolk

I tillegg har Kystlaget bygget et grindbygg som er satt opp på kaionråde like utenfor naustet. Dette skal kunne benyttes til oppholdsplass av besøkende til øya. Det vil etter hvert bli satt opp bord med benker i grindbygget. Grindhusbyggingen kom i stand som et kurs i regi av kystlaget vinteren 2008-09.

### Stussvik Åreskifte

Tysnes Kystlag har også en Åreskiftestasjon i et naust i Stussvik på fastlandsiden i søndre enden av Lukksundet. Her er det også enkle forhold med behov for liggeunderlag. Det er tilgang til et enkelt tørrdo i et avlukke i naustet.

Stedet er markert med en flaggstang med Kysten-vimpelen og Årestasjonsmerket på naustet.

Kontakt: Tysnes kystlag v/Magne Fauskanger.  
Tlf. 900 59 140

### Hardanger Kystlei v/Hardanger Fartøyvern-senter

Har fire robåtar til utleige. Båtene er utstyrt med det som skal til for en hyggelig tur på fjorden.

Hardangerfæringen har to sett årer og kan ta fire vaksne.

Kystledsbåten har to sett årer, men er litt større enn hardangerfæringen. Den kan ta opp til fem vaksne.

Tusenårsbåten som er en åtteæring, blei bygd til tusenårsjubileet. En åtteæring har fire par årar.

Seksæringen som er Hardanger Kystlei sin båt, har tre par årar og høver godt for to vaksne og nokre born.

Alle robåtene kan leigast for kortare eller lengre turar.

Me er behjelpelege med råd, sender med sikkerheitsutstyr, tips, kart og er gjerne med og planlegg turen i forkant.

*Det å ro er som å vandra. Ein ferdast sakte gjennom landskapet. Også er det rytme i det. Ein vandrar steg for steg og ein ror åretak for åre-tak. Det er når rytmen flyt at den gode kjensla kjem.*

Ikkje nøl med å ta kontakt:  
info@fartoyvern.no  
Tlf. 56553350

### Sogn og Fjordane

Kystled Nærøyfjord i Aurland:  
www.kystled-sogn.no/index.html

Kystleden Ytre Nordfjord v/Kystlaget Horelen:

www.kysten.no → Sogn og Fjordane → Kystlaget Horelen

## «Vinden Drar»

Lindøy ved Stavanger,  
3-10. juli

Det er nå 25 år siden det nordiske kystkultursteven ble arrangert første gang i Norge, på Smedholmen i 1986. Året før var vi en stor gruppe bruksbåtentusiaster fra Norden som var samlet på Ålandsøyene i Finland til et «seilende seminar» som nettopp bar navnet «Vinden Drar». I begeistring over dette stevnet, inviterte vi fra Norge til nytt stevne med en ukes varighet på Smedholmen. Dette ble også svært vellykket, og det førte til at Foreningen Allmoge Båtar i Sverige tok på seg arrangementet i 1987. Året etter inviterte en gruppe fra Danmark til stevne på Fyn.

En tradisjon var etablert, og Vinden Drar har siden den gang vært arrangert hvert år, og alltid på ideell basis (se [www.vinden-drar.org](http://www.vinden-drar.org)).

Stevnet har fokus på kystkultur gjennom roing og seiling av de tradisjonelle åpne bruksbåtene fra det området og landet vi er i. Men og gjennom foredrag, museumsbesøk eller ekskursjoner, og gjennom praktiske gjøremål og håndverk. Alle deltakerne bor i egne telt og lager sin egen mat, bortsett fra velkomstmåltid og festmiddagen den siste kvelden. Det er et poeng at ingen bor i båtene, men at alle er med i fellesskapet. Finnene har alltid forsikret seg om at en badstu er på plass, og mange tar med instrumenter, slik at et stevneorkester sørger for musikk både til allsang og dans.

Antall deltakere varierer noe, men ligger vanligvis mellom ca 150 og 200. Mange har deltatt på nesten alle stevnene siden 1985, og de har fra starten hatt barn med, som nå selv har fått barn. Slik har Vinden Drar utviklet seg til et familiearrangement, med både beste-foreldre, ungdommer, voksne og barn.

Dersom noen har lyst å delta på dette stevnet og ønsker mer informasjon, kan de ta kontakt med undertegnede.

Atle Tellnes  
atletellnes@gmail.com  
mob. 92219080

## ”Ternen” - ein stasbåt.

I 1962 fekk båtbygger Harald Oma på Bjoa eit oppdrag utanom det vanlege. Frå ein handelsmann i Bergen - Ledin - vart han beden å bygge ei snekke, men der skulle ikkje nyttast norsk treverk i båten. Pris var uinteressant, men det skulle vera ein stasbåt. Etter ein del akkordering fekk Harald lov til å bruka norsk eik til kjøl og stevner, men resten av materialet vart henta frå utlandet. Resultatet vart ei snekke på 22 fot med spant og skrog i oregon pine og alt overbygg og innreining i teak og mahogny. Som motor var det krav at der skulle installerast ein Sabb diesel. Sommaren 1963 var snekka klar.

”Ternen” skein som eit møbel då ho vart levert. Salgssummen var kr 14.000 som den gongen var ein svimlande sum for ein fritidsbåt. Det var rein luksus. Båten skulle brukast av eigaren på ”landstedet” som var i nærleiken av Halhjem i Os.

Snekkene som Harald bygde var ”Omasnekker” Dei minte mykje om Sørlandsnekker, men dei vart lagt ut litt meir, vart litt meir drektige og tolte litt tøffare ver og sjø enn dei tradisjonelle sørlandssnekkene.

Av dei hundretals snekkene som Harald bygde så var nok ”Ternen” spesiell – ein båt som han var svært godt fornøgd med. Han fortalde ofte til familien om denne båten. Ved eit tilfelle kom dottera over ei salgsannonse i ”Bergens Tidende” på slutten av 80-talet. Ut frå beskrivinga



så meinte Harald at dette kunne dreia seg om ”Ternen”. Båten var til salgs på Selbjørn i Austevoll. Harald drog til Austevoll og der fann han ”Ternen” igjen. Det tok ikkje lang tid å bestemma seg, og båten vart kjøpt heim igjen til Bjoa og ringen var slutta. Kjøpesummen var om lag den same som han hadde selt båten for 25 år tidlegare.

For tre år sidan overtok ’Kystlaget Romsa’ båten. Der er gjort ein del vøle på skrog og motor og ny kalesje er sydd, men ellers er båt og motor i original stand. For oss er det også ein stasbåt.

Harald Oma kom frå båtbyggarslekt på Omastrand i Hardanger. Far hans var båtbygger og Harald fekk såleis yrket inn frå barnsbein av. I 1947 flytta han til Utbjoa. Der fekk han kjøpa eit sjøhus som seinare vart til båtbyggjarverkstad i første etasje og bustad i andre etasje. Det meste han produserte var strandebarmarar (robåtar) og mindre snekker og gavlabåtar. Trevirket vart henta lokalt, kjøpt antan på Nervi i Etne

eller på Fjelberg. Så vart stokkane frakta til sjøs og slept over fjorden til Utbjoa og skore på lokal sag der. Harald hadde sjølv ikkje eksakt tal på kor mange båtar han bygde, men meinte at talet låg oppunder 2000 båtar. Så der er nok ein del av desse som framleis er bruk kring i Sunnhordland. Han dreiv som aktiv båtbygger til plasten tok overhand. Då vart han hamnebetjent på Stord, og var der frå 1968 til han pensjonerte seg i 1981. Som pensjonist tok han opp igjen båtbyggarkunsten og siste båten han bygde var i 1994. Båtbyggjarverkstaden er framleis intakt, og sonen -Nils Terje Oma - har halde tradisjonane i hevd med å bygga minst ein robåt til året etter faren sine modellar. Så dersom nokon ynskjer seg ein lettrodd strandebarmar, så kan me formidla kontakt.

Kystlaget Romsa  
Jan Husebø



# Velkommen til Tysnes Rundt 2011

## TURINFORMASJON:

Frammøte på Årbakka fra kl 1630 fredag, 15. juli. Det er ønskelig at de kjem så tidlig som mogeleg p.g.a. sjøsetting og parkering. Påmelding på kaien før start. Startkontingenten blir i år kr 100 for kvar deltakar. Me startar roturen frå Årbakka kl 1830.

Frå start, ror me mest mogeleg samla INNAFOR Teig-holmane mot Vattedal.

Turen til Flakkavåg tar om lag 3.5 timar. Deltakarane følgjer BAK leiarbåtane (markerte med Tysnes Kystlag sin logo). Som vanlig tek me pause i Sæløysundet for å kvila og venta på eventuelle etter-nølarar. Frå Sæløysund til butikken på i Flakkavåg, ror me i fritt tempo. Butikken er open for handel og sal av erteruppe. Teltinga skjer like bak, og ovanfor butikken. Det er også høve til å overnatta på golvet i forsamlingshuset "Vodlatun". Det er ca 500 m å gå mot nord.

**LAURDAG** morgon er det purring kl 0600.

Kl 0700, samlast me i båt midt utpå vågen for å synja "Mellom bakkar og berg" før me starter. Første stopp er som vanlig Nes-havn etter ca 2,5 timar. Her blir det seld brus, kaffi, vaflar og mjølkelappar. Etter en times tid, ror me vidare til Marøy i Bård-sund. Det blir seld suppe og brus på Marøy.

Pausen varer ca 1 time.

Etter ei ny ro-økt på 2 timar, stoppar me i Teiglandsvågen. Her gjer me oss tid til å ro i kortesje inn til Våge. D.v.s. dei største båtane først og dei minste sist. Me kjem til Våge mellom kl 1600 og 1630. Avreise frå Våge etter eige ynskje. På Godøysund er det ny pause for dei som vil. Turen frå Våge til Solstråleøya

tar ca 1 time, så la ikkje årane kvile for lenge. Frå Godøysund til Sol-stråleøya tar turen ca 10 min. Her slår me leir og gjer oss klare til kveldens sosiale samvær. Programmet tar til kl 2100 ved naustet. Det blir utdeling av plakettar til dei som i år har 10 gonger rundt Tysnes, samt allsang og underholdning frå alle som har noko å bidra med. I år har vi større kapasitet for overnatting i Naustet.

NB! Pass på at ingen slår opp telt på kaiområdet og på konsertplassen. Dei som treng nattero, må slå seg ned mot Godøysund. Dei som vil vera oppe litt lengre, må halda seg i bålområdet ved naustet for ikkje å uroa dei som vil sova.

**SØNDAG** morgon er det purring kl 0800 med avreise kl 0900. Me ror tilbake til Godøysund, for å få med oss idyllen i Småsunda.

Etter å ha passert Lukksund, tek me 1 times pause i Stussvik.

Me planlegg å vera attende til Årbakka ca kl 1500. Me ror i kortesje inn til Årbakka, slik som til Våge.

På Årbakka er det utdeling av diplom og suvenirarar til alle påmelde.

Ved mykje motvind i Langenuen, vil me vurdere sleping. Då er det viktig at kvar båt festar fangelina si til slepetauet og set seg i bakskuten med ei åre og freistar å styre båten.

Dette treng du på turen: I tillegg til mat og vanlig friluftsutstyr, er flytevest påbudt. Det er godt med noko mjukt å sitja på, sportstape, ullhanskar, gnagsårplaster, sinksalve og rikelig med drikkevann!!!

## Viktige telefonar:

Leiarbåt Vidar Rune Synnevåg, 92 44 78 87.

Følgebåt/dobåt "SILDHOLM" Rune Lunde, 90 78 67 47

## HA EIN GOD TUR!

# Aktivitetskalender 2011

9.juni Kystens dag  
17-19.juni Hordakyststemne  
Sagvågen  
Hardanger Båtfestival,  
Norheimsund  
18.juni Torgdagen i Bergen  
3-10.juli Vinden Drar, Lindøy  
15-17.juli Tysnes Rundt  
21-24.juli Forbundet KYSTENS  
landsstemne, Egersund  
4-7.aug Risør Trebåtfestival  
10-14.aug Sildajazz, Haugesund  
18-21.aug Havnedagene i  
Haugesund

## Kurs

### Hardanger Trebåtfestival + Handverkskurs = Sant

Det kjem til å verta hektisk kursaktivitet på Hardanger fartøyvernssenter i perioden 14. til 18.juni, med masse kjekke folk og spanande handverkskurs. Kursa avrundar med Hardanger Båtfestival.

Du kan vera med på kurs i

- Reipslagning
- Sming
- Lag ditt eige rundholt

For fullt kursprogram og info, sjå [www.fartoyvern.no](http://www.fartoyvern.no)

Sjå [www.godjord.no](http://www.godjord.no) for en rekke kurs, m.a.

## Mat frå fjæra

Kva kan du eta frå fjæresteinane, og korleis er det greitt å laga det til?

## Knutar, spleis og tauarbeid

Påmelding til [bm@godjord.no](mailto:bm@godjord.no)

**Hordaland Fylkeskystlag  
takkar Hordaland Fylkeskommune for støtta på kr 5.000 til Hordakyststemnet i Sagvågen.**

## ÅREBLAD

Organ for Hordaland  
Fylkeskystlag og lokallaga i  
Hordaland av Forbundet Kysten

## HORDALAND FYLKESKYSTLAG

**Leiar:** *Ingunn Vardøy*,  
Hope trebåtlag. Pb 85, 5371  
Skogsvåg. [sangvard@online.no](mailto:sangvard@online.no) -  
971 10 288

**Nestleiar:** *Camilla Blikstad*,  
Bergen kystlag. Flatøyvegen 222,  
5918 Frekhaug.

[camilla.blikstad@gmail.com](mailto:camilla.blikstad@gmail.com) -  
932 55 783

### Styremedlemmer:

*Målfrid Almås*, Sagvågen kystlag.  
Grunnavågsvegen 24, 5410  
Sagvåg.

[molfridalmos@hotmail.no](mailto:molfridalmos@hotmail.no) -  
970 81 269

*Helene Ohm*, Kystlaget Romsa.  
5582 Ølensvåg.

[helene.ohm@c2i.net](mailto:helene.ohm@c2i.net) - 913 02 123

*Jonatan Krzywinski*, Bergen  
kystlag. Sydneskleiven 21 A,  
5010 Bergen -

[jonatankrzywinski@gmail.com](mailto:jonatankrzywinski@gmail.com) -  
413 38 726

*Hallgeir Forstrønen Bjørnevik*,  
Bergen kystlag. Lekvenmarka 10,  
5200 Os – [hallgebj@hotmail.com](mailto:hallgebj@hotmail.com)  
930 23 267

*Hallvard Hammerø*, Kvinnherad  
kystlag. Sundsveien 10, 5450  
Sunde i Sunnhordland -

[hhammeroe@gmail.com](mailto:hhammeroe@gmail.com) -  
950 36 557

### Varamedlemmer:

*Rune Lavik*, Hope trebåtlag. 5382  
Skogsvåg. [lavik@mac.com](mailto:lavik@mac.com) –  
918 33 677

*Eirik Ådnanes*, Bømlo kystlag.  
5437 Finnås.

[eirik.aadnanes@online.no](mailto:eirik.aadnanes@online.no) -  
900 15 016

*Edvin Hammerø*, Kvinnherad  
kystlag. Pb 57, 5484 Sæbøvik.

[ehammero@online.no](mailto:ehammero@online.no) –  
950 36 558

Kasserer: *Helene Ohm*, Kystlaget  
Romsa  
Revisor: *Olav Kvitastein*, Bergen  
kystlag

## LOKALLAGA

Askøy kystlag, Pb 94, 5318  
Strusshamn. Leiar: Aksel  
Monsen, [mu09@online.no](mailto:mu09@online.no) -  
56145646 / 90796698

Austevoll kyst- og sogelag, 5392  
Storebø. Leiar: Svein Midtøy,  
[smidtoy@frisurf.no](mailto:smidtoy@frisurf.no) 56185588 /  
950 86 856

Bergen kystlag, Pb 37,  
Måseskjæret, 5035 Bergen. Leiar:  
Tom Backer Johnsen  
[backer@psych.uib.no](mailto:backer@psych.uib.no),  
[bergen.kystlag@gmail.com](mailto:bergen.kystlag@gmail.com)

Bømlo kystlag, Mæland 206 D,  
5430 Bremnes. Leiar Sveinung  
Sønstabø,  
[kystlagetbomlo@gmail.com](mailto:kystlagetbomlo@gmail.com)  
97059032

Fjell kystlag, Espedalen 22, 5360  
Kolltveit. Leiar: Torgeir Evjen,  
[torgeir.evjen@vtt.no](mailto:torgeir.evjen@vtt.no) – 56331294/  
913 80 681

Hardangerfjorden kystlag, Pb 45,  
5600 Norheimsund. Leiar:  
Geirmund Storaas,  
[info@trebaat.no](mailto:info@trebaat.no) - 414 42 795

Hope Trebåtlag, Helleveien, 5382  
Skogsvåg. Leiar: Heine Sangolt,  
[siren.sangolt@domstol.no](mailto:siren.sangolt@domstol.no) –  
928 93 572

Holsnøy kystlag, Kaarbøvågen,  
5917 Rosslund. Leiar: Jegvan  
Kaarbøe, [jegvan@kaarboe.no](mailto:jegvan@kaarboe.no) -  
911 48 103

Keipane Kystlag, Ytre Sæbø,  
5938 Sæbøvågen. Leiar: Evy B.  
Dame, [evydame@broadpark.no](mailto:evydame@broadpark.no) -  
55227825 / 97423267

Kvinnherad kystlag, Furnesvegen  
34, 5450 Sunde i Sunnhordland,  
[jan.magne.steinsland@kvinnherad.kommune.no](mailto:jan.magne.steinsland@kvinnherad.kommune.no) - 53471536 /  
41682172

Kystlaget Romsa, Pb 20, 5588  
Ølen. Leiar: Terje Lunde,  
[terje@omega.no](mailto:terje@omega.no) - 98286812

Sagvågen kystlag, Pb 1047, 5408  
Sagvåg. Leiar: Terje Lamo,  
[lamo@nettland.com](mailto:lamo@nettland.com) - 905 66 101

Sund kystlag, Pb 119, 5373  
Klokkarvik. Leiar: Johannes  
Lidal, [johannes@lykkebu.com](mailto:johannes@lykkebu.com),  
5633 9565

Sveio kystlag, Strømøy, 5554  
Valevåg. Leiar: Terje Lier,  
[terje.lier@norseagroup.com](mailto:terje.lier@norseagroup.com),  
53742331 / 90837477

Tysnes kystlag, 5694 Onarheim.  
Leiar: Leif Dagmund Øvrevåge -  
[leif\\_ovrevage@hotmail.com](mailto:leif_ovrevage@hotmail.com) -  
906 20 668

## LOKALLAG I SOGN OG FJORDANE:

Indre Sogn Kystlag, Pb 62, 6852  
Sogndal. Leiar: Marny Tønnesen  
- [marny.tonnesen@barlinn.no](mailto:marny.tonnesen@barlinn.no) -  
970 30 828

Kystlaget Hornelen, Gloppestad,  
6823 Sandane. Leiar: Svein Ove  
Ask - [uredd@online.no](mailto:uredd@online.no) -  
57867122 / 90040377

## LAG TILKNYTT FORBUNDET KYSTEN:

Trellevik båtlag, Trellevik  
kystkultursenter.  
Leiar: Øystein Trellevik, 5397  
Steinsland -  
[oystein.trellevik@bkkfiber.no](mailto:oystein.trellevik@bkkfiber.no) -  
920 35 874